

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 DEP  
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
21/24741-1

Dato:  
20.11.2021

## Høyringsuttale på forskrift for tilskot til frivilligsentraler

(Ref 21/3571-1)

### Generelle innspel

Øygarden kommune har tre sentraler, i kommunereformen er to av sentralene flytta inn i kommunedelsenteret og jobber administrativt saman med kulturkontoret. Kommunen jobbar med ein utviklingsprosess for samlokalisering av innbyggjarservice og bibliotek. Dette skal bli dei nye innbyggjartorga i kommunen. Frivilligsentralene er planlagt inn i disse torga.

Det er viktig at ein tek godt omsyn til at det er ulike tilhøve og kontekstar for private og offentlege drifta frivilligsentralar, med eit stort mangfald i eigar- og organisasjonsformar. Fleire av punkta i høyringa vil vere kompliserande for kommunalt drifta sentralar, minske handlingsrommet lokalt, kunne medføre uklare styringslinjer, og føre med seg auka administrasjonskostnadar.

Dersom målet er å finne ein balanse mellom behovet for forskriftsstyrt tilskot på den ein sida og lokalt sjølvstyre på den andre, bør høyringsutkastet ta omsyn til etablerte og lovstyrte kommunale styringsmodellar. Høyringsnotatet viser til at ein med ny forskrift søker etter å styrke kommunanes koordinerande rolle, då må òg kommunane ha handlingsrom til å styre etter lokale behov, organisering og tilhøve, og ikkje minst innanfor gjeldande føresegn i øvrig lovverk.

### §1 Formål

Øygarden kommune sluttar seg til formålsformuleringa, og ser generelt behovet for ei overordna formålsformulering.

### §4 Beregning av tilskudd – modell 1

Øygarden kommune vil peike på at modellen gjer ein føreseieleg ordning, i samsvar med slik tilskota har fungert tidlegare, og der tilskotet vert knytt til kvar konkrete sentral. Dette senkar òg terskelen lokalt for å etablere fleire sentralar, òg privateigde. Modellen er avhengig av total ramme, og det er viktig at denne følgjer konsumprisindeksen og tar høgde for etablering av nye sentralar.

### §4 Beregning av tilskudd – modell 4

Øygarden kommune støttar modell 4, den vil kunne gje eit auka lokalt handlingsrom i kommunale beslutningsprosessar til å prioritera bruken av midlar ut i frå lokale forutsetningar og behov. Denne modellen vil gjøre det mogleg å byggje opp litt større einheter med ett meir solid fagmiljø.

Kommunen har ett hus som brukes som FriHus /Frivilligsentral, dette er retta mot ungdom. Frihuset lånes også ut til lag og organisasjoner.

De to andre sentralene ønsker vi å drifte i samlokasjon med bibliotek/innbyggertorg. I ein slik drift ville dei to siste ressursene knytt til Frivilligsentral hatt 2 – 3 steder dei var involvert i felles fagmiljø og lokasjon, kor lokalene også skal lånes ut til frivillige lag og organisasjoner.

Ein effektiv frivilligsentral krever flere ressurser med ulik kompetanse, det viktigste for oss er å ikkje binde midler til konkrete hus som defineres som Frivilligsentral. Å kunne utvide tilbudet ved eksisterande frivilligsentraler vil vere ein meir effektivt og smart bruk av midlar enn å opprette fleire nye lokasjonar.

## **§7 Krav til frivilligsentralen**

### c. Ha eit styre, avhalde årsmøte og ha egne vedtekter

Øygarden kommune vil peike på at eit forsøk på å gjeninnføre eit slikt krav ikkje vil vere i tråd med prinsippa frå Meld. St. 10 (2018-2019), vist til på s. 3 i høyringsnotatet, om forenklingsreform. Eit slikt krav vil føre til meir administrasjon, parallelle styringslinjer og eit krevjande landskap for frivilligheita å orientere seg i.

Øygarden kommune vil vidare peike på at §3 i utkastet sikrar involvering av frivilligheita i sentralane, utan at ein må danne nye formelle styringsorgan på sida av den etablerte og lovstyrte kommunale styringa. Slike parallelle linjer kan vere lovstridige, føre med seg at avgjerdsprosessar for sentralanes innhald vert mindre gjennomsiktige, meir uklare og vil kunne gjere praktisk gjennomføring av tiltak meir krevjande.

Øygarden kommune vil peike på at dersom departementet ønskjer å gjeninnføre eit slikt krav, må ein skilje mellom privateigde og kommunalt drifta sentralar.

### d. Ha egne rekneskap og årsrapport

Øygarden kommune vil peike på at ein kommunalt drifta frivilligsentral er del av kommunens heilskaplege årsrekneskap og -rapportar. Dersom ein med punktet meiner ei generell årleg rapportering for bruk av tilskotet, bør forskrifta peike til dette på ein meir konkret måte.

### e. Ha tilgang på fysiske lokale

Øygarden kommune ser det som naturleg at forskrifta peiker til behovet for eigna lokale, som del av føresetnadane for ein god drift av frivilligsentralane.

### f. Ha ein dagleg leiar

Øygarden kommune vil peike på at forskrifta ikkje bør legge føringar som kan verke inn på stillingstitlar eller stillingskodar, slik den står no i høyringsutkastet, og kommunane må stå fritt til sjølv å namngi stillingstitlar knytt til frivilligsentralar. Dagleg leiar peiker normalt til ein funksjon som rapporterer direkte til eit styre, og ikkje i ei lineorganisasjon.

### g. Lokal finansiering på 40%

Øygarden kommune ser det som naturleg at det vert stilt krav om eigenfinansiering, men vil peike på at finansieringa av tilskotsordninga bør auke i takt med prisutviklinga. Kravet om lokal finansiering bør òg spegle seg i at ordninga ikkje vert for detaljstyrane for driftar av sentralane.

### h. Ha egne organisasjonsnummer

Øygarden kommune vil peike på at tilskotet ikkje bør medføre krav om egne organisasjonseiningar, t.d. kommunale føretak. Ein slik konsekvens vil ikkje tilføre ansvar til kommunane eller gjere forvaltninga av sentralane enklare, men komplisere drifta og krevje meir kostnader til administrasjon. Dersom kravet peiker til underordna organisasjonsnummer, ser Øygarden kommune på dette som ein unødig styring av korleis kommunen organiserer sine tenester.

### i. Benytte «frivilligsentral» eller likelydande i frivilligsentralens namn

Øygarden kommune ser det som naturleg at «frivilligsentral» vert nytta i namna.

### **§8 Frivilligsentralens lokaler**

Øygarden kommune krev ikkje inn leige for aktivitetar for barn og unge, eller frivillige aktivitetar i skulebygg, fleirbrukshallene, kulturhuset eller for lån av lokaler i innbyggertorga og biblioteka.

Øygarden kommune har ikkje eigne lokaler til frivilligsentralene. Sentralene skal inn i innbyggertorga, saman med biblioteka i kommunen.

### **§10 Rapport og rekneskap**

Øygarden kommune vil peike på at ordlyden i §10 ikkje treff for kommunalt drifta frivilligsentralar, og at det vidare er uklart kva ein skal rapportere for. Ei rapportering bør dreie seg om tilskotet er nytta etter dei føresetnadane som vert gitt i endeleg forskrift, og ikkje på sentralens generelle aktivitet og innhald, der mangfaldet er stort alt etter lokale behov.

Høyringsuttalen skal opp til politisk handsaming i utval for teneste og levekår 17. november. vedtak frå politisk møte sendast til kulturdepartementet.

Med helsing

Christel Møvik-Olsen

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

### **Vedlegg**

Høyringsuttale - forskrift for tilskot til frivilligsentraler

## Saksframlegg

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Utval for tenester og levekår (UTL)	17.11.2021	120/21

### Høyringsuttale - forskrift for tilskot til frivilligsentraler

#### Kort om saka:

Saka har bakgrunn i høyringsbrev om ny forskrift for tilskot til frivilligsentralar, sendt frå Kulturdepartementet 11. august 2021, og med retting sendt 20. august.

Frist for høyringssvar er 12. november 2021, vi har fått utsatt høyringsfrist til 25. november 2021 for å kunne behandle saka politisk.

I 2016 vedtok Stortinget at ansvaret for tilskotet skulle overførast til kommunane, som del av oppgåveoverføringa i samband med kommunereforma. Tilskota vart overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I åra 2017 til 2020 vart tilskotet utbetalt til kommunane via rammetilskotet, utan særlege krav. Dette innebar at den tidlegare strukturen med årsmøte og eige styre fall vekk, og sentralane gjekk inn som en del av den ordinære drifta i line til kommunedirektøren.

Frå 2021 var tilskotet tenkt og fordelast etter innbyggjartal. Denne ordninga ville medføre at somme kommunar ville få lågare tilskotssum, og møtte motstand mellom anna frå KS. Stortinget vedtok at Kulturdepartementet skulle handsame tilskota frå 2021, og i år har tilskotet vert handsama på same vis som i åra 2017-2020, men frå Kulturdepartementet.

Høyringa om ny forskrift må sjåast i lys av dette, der ein no ser fram mot ei langsiktig løysing for frivilligsentralane.

I høyringssvaret anbefalar kommunedirektøren modell 4. Den vil kunne gi meir fleksibilitet lokalt, og kunne bidra til styrka fagmiljø, profesjonalisering og ein klarare rolle som lokalt kompetansesenter for frivilligheit. Eigar/driftar står her friare til å samorganisere fleire sentralar formelt, utan å miste tilskot.

#### Dokument vedlagt saka:

Tittel
Høyringsnotat, forskrift for tilskot til frivilligsentralar

### **Innstilling til vedtak:**

Utval for teneste og levekår sender innspel til høyring om forskrift for tilskot til frivilligsentralar slik dei ligg i saka.

### **Saksopplysningar:**

Saka har bakgrunn i høyringsbrev om ny forskrift for tilskot til frivilligsentralar, sendt frå Kulturdepartementet 11. august 2021, og med retting sendt 20. august. Frist for høyringssvar er 12. november 2021, men kommunen har fått utsatt frist til 25. november 2021.

Frivilligsentralar har hatt statleg tilskot sidan starten i 1991, opphavleg som del av eit treårig prøveprosjekt. I det første året vart det etablert 91 frivilligsentralar, og i dag er det nærmare 480 sentralar i landet.

Fjell frivilligsentral vart etablert i 1993, Øygarden frivilligsentral i 2010 og Frihuset Frivilligsentral fvs. i 2018. Desse vil skifte namn til høvesvis Skogsskifte Frivilligsentral og Rong Frivilligsentral i samband med utvikling av innbyggjartorga ved kommunedelsentra. Frihuset Frivilligsentral fortsetter som før. I kommunereforma peikte ein på at Frivilligsentralane bør vere ein del av innbyggjartorga, dette er under utvikling.

Frivilligsentralar kan generelt vere privateigde eller drifta av ein kommune. Det sistnemnde er gjeldande for Øygarden, der alle tre sentralane inngår i den kommunale organisasjonen, under tenestemråde kultureininga.

Statlege tilskot har vore oppretthaldt i heile perioden, og innebar opphavleg føresegn om ein dels separat driftsform. For kommunens del innebar det at kommunedirektøren hadde personalansvar for tilsett (dagleg leiar) ved frivilligsentralen, mens styringa av sentralen gjekk føre med eige årsmøte (kommunestyret) og eit styre, som dagleg leiar rapporterte til. Styra var normalt samansett av representantar frå kommunestyret og frå frivilligheita.

Tilskota vart fram til 2016 utbetalt frå Kulturdepartementet, basert på dagleg leiars stillingsprosent. Alle dei tre frivilligsentralane i Øygarden har og har hatt tilsett i full stilling.

I 2016 vedtok Stortinget at ansvaret for tilskotet skulle overførast til kommunane, som del av oppgåveoverføringa i samband med kommunereforma. Tilskota vart overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I åra 2017 til 2020 vart tilskotet utbetalt til kommunane via rammetilskotet, utan særlege krav. Dette innebar at den tidlegare strukturen med årsmøte og eige styre fall vekk, og sentralane gjekk inn som en del av den ordinære drifta i line til kommunedirektøren.

Frå 2021 var tilskotet tenkt og fordelast etter innbyggjartal. Denne ordninga ville medføre at somme kommunar ville få lågare tilskotssum, og møtte motstand mellom anna frå KS. Stortinget vedtok at Kulturdepartementet skulle handsame tilskota frå 2021, og i år har tilskotet vert handsama på same vis som i åra 2017-2020, men frå Kulturdepartementet.

Høyringa om ny forskrift må sjåast i lys av dette, der ein no ser fram mot ei langsiktig løysing for frivilligsentralane. Det er ei sentral avklaring i at det ofte vert nytta omgrep som at sentralar er eigde, og får overført tilskot frå kommunen. Dette er ikkje gjeldande for ein kommunal sentral. Her er sentralen ein del av organisasjonen, vert drifta av kommunen, og der kommunen nyttar det statlege tilskotet til denne drifta.

Følgjande er kommunedirektøren sine innspel til Høyring om forskrift for tilskot til frivilligsentralar.

### **Generelle innspel**

Øygarden kommune har tre sentraler, i kommunereformen er to av sentralene flytta inn i kommunedelsenteret og jobber administrativt saman med kulturkontoret. Kommunen jobbar med ein utviklingsprosess for samlokalisering av innbyggjarservice og bibliotek. Dette skal bli dei nye innbyggjartorga i kommunen. Frivilligsentralene er planlagt inn i disse torga.

Det er viktig at ein tek godt omsyn til at det er ulike tilhøve og kontekstar for private og offentlege drifta frivilligsentralar, med eit stort mangfald i eigar- og organisasjonsformar. Fleire av punkta i høyringa vil vere kompliserande for kommunalt drifta sentralar, minske handlingsrommet lokalt, kunne medføre uklare styringslinjer, og føre med seg auka administrasjonskostnader.

Dersom målet er å finne ein balanse mellom behovet for forskriftsstyrt tilskot på den ein sida og lokalt sjølvstyre på den andre, bør høyringsutkastet ta omsyn til etablerte og lovstyrte kommunale styringsmodellar. Høyringsnotatet viser til at ein med ny forskrift søker etter å styrke kommunanes koordinerande rolle, då må òg kommunane ha handlingsrom til å styre etter lokale behov, organisering og tilhøve, og ikkje minst innanfor gjeldande føresegn i øvrig lovverk.

### **§1 Formål**

Øygarden kommune sluttar seg til formålsformuleringa, og ser generelt behovet for ei overordna formålsformulering.

### **§4 Beregning av tilskudd – modell 1**

Øygarden kommune vil peike på at modellen gjer ein føreseieleg ordning, i samsvar med slik tilskota har fungert tidlegare, og der tilskotet vert knytt til kvar konkrete sentral. Dette senkar òg terskelen lokalt for å etablere fleire sentralar, òg privateigde. Modellen er avhengig av total ramme, og det er viktig at denne følgjer konsumprisindeksen og tar høgde for etablering av nye sentralar.

### **§4 Beregning av tilskudd – modell 4**

Øygarden kommune støttar modell 4, den vil kunne gje eit auka lokalt handlingsrom i kommunale beslutningsprosessar til å prioritera bruken av midlar ut i frå lokale forutsetningar og behov. Denne modellen vil gjøre det mogleg å byggje opp litt større einheter med et meir solid fagmiljø.

Kommunen har et hus som brukas som FriHus /Frivilligsentral, dette er retta mot ungdom. Frihuset blir også lånt ut til lag og organisasjoner gratis.

Dei to andre sentralane ønsker vi å drifte i samlokasjon med bibliotek/innbyggjartorg. I ein slik drift ville dei to siste ressursane knytt til Frivilligsentral hatt 2 – 3 stader dei var involvert i felles fagmiljø og lokasjon, kor lokalane også skal bli lånt ut til frivillige lag og organisasjonar.

Ein effektiv frivilligsentral krev fleire ressursar med ulik kompetanse, det viktigaste for oss er å ikkje binde midlar til konkrete hus som definerast som Frivilligsentral. Å kunne utvide tilbodet ved eksisterande frivilligsentralar vil vere ein meir effektivt og smart bruk av midlar enn å opprette fleire nye lokasjonar.

### **§7 Krav til frivilligsentralen**

#### c. Ha eit styre, avhalde årsmøte og ha eigne vedtekter

Øygarden kommune vil peike på at eit forsøk på å gjeninnføre eit slikt krav ikkje vil vere i tråd med prinsippa frå Meld. St. 10 (2018-2019), vist til på s. 3 i høyringsnotatet, om forenklingsreform. Eit slikt krav vil føre til meir administrasjon, parallelle styringslinjer og eit krevjande landskap for frivilligheita å orientere seg i.

Øygarden kommune vil vidare peike på at §3 i utkastet sikrar involvering av frivilligheita i sentralane,

utan at ein må danne nye formelle styringsorgan på sida av den etablerte og lovstyrte kommunale styringa. Slike parallelle liner kan vere lovstridige, føre med seg at avgjerdsprossar for sentralanes innhald vert mindre gjennomsiktige, meir uklare og vil kunne gjere praktisk gjennomføring av tiltak meir krevjande.

Øygarden kommune vil peike på at dersom departementet ønskjer å gjeninnføre eit slikt krav, må ein skilje mellom privateigde og kommunalt drifta sentralar.

#### d. Ha eige rekneskap og årsrapport

Øygarden kommune vil peike på at ein kommunalt drifta frivilligsentral er del av kommunens heilskaplege årsrekneskap og -rapportar. Dersom ein med punktet meiner ei generell årleg rapportering for bruk av tilskotet, bør forskrifta peike til dette på ein meir konkret måte.

#### e. Ha tilgang på fysiske lokale

Øygarden kommune ser det som naturleg at forskrifta peiker til behovet for eigna lokale, som del av føresetnadane for ein god drift av frivilligsentralane.

#### f. Ha ein dagleg leiar

Øygarden kommune vil peike på at forskrifta ikkje bør legge føringar som kan verke inn på stillingstitlar eller stillingskodar, slik den står no i høyringsutkastet, og kommunane må stå fritt til sjølv å namngi stillingstitlar knytt til frivilligsentralar. Dagleg leiar peiker normalt til ein funksjon som rapporterer direkte til eit styre, og ikkje i ei lineorganisasjon.

#### g. Lokal finansiering på 40%

Øygarden kommune ser det som naturleg at det vert stilt krav om eigenfinansiering, men vil peike på at finansieringa av tilskotsordninga bør auke i takt med prisutviklinga. Kravet om lokal finansiering bør òg spegle seg i at ordninga ikkje vert for detaljstyrane for driftar av sentralane.

#### h. Ha eige organisasjonsnummer

Øygarden kommune vil peike på at tilskotet ikkje bør medføre krav om eigne organisasjonseiningar, t.d. kommunale føretak. Ein slik konsekvens vil ikkje tilføre ansvar til kommunane eller gjere forvaltninga av sentralane enklare, men komplisere drifta og krevje meir kostnader til administrasjon. Dersom kravet peiker til underordna organisasjonsnummer, ser Øygarden kommune på dette som ein unødig styring av korleis kommunen organiserer sine tenester.

#### i. Benytte «frivilligsentral» eller likelydande i frivilligsentralens namn

Øygarden kommune ser det som naturleg at «frivilligsentral» vert nytta i namna.

### **§8 Frivilligsentralens lokaler**

Øygarden kommune krev ikkje inn leige for aktivitetar for barn og unge, eller frivillige aktivitetar i skulebygg, fleirbrukshallene, kulturhuset eller for lån av lokaler i innbyggertorga og biblioteka. Øygarden kommune har ikkje eigne lokaler til frivilligsentralene. Sentralene skal inn i innbyggertorga, saman med biblioteka i kommunen.

### **§10 Rapport og rekneskap**

Øygarden kommune vil peike på at ordlyden i §10 ikkje treff for kommunalt drifta frivilligsentralar, og at det vidare er uklart kva ein skal rapportere for. Ei rapportering bør dreie seg om tilskotet er nytta etter dei føresetnadane som vert gitt i endeleg forskrift, og ikkje på sentralens generelle aktivitet og innhald, der mangfaldet er stort alt etter lokale behov.

### **Vurdering:**

I høyringssvaret anbefalar kommunedirektøren modell 4. Den vil kunne gi meir fleksibilitet lokalt, og kunne bidra til styrka fagmiljø, profesjonalisering og ein klarare rolle som lokalt kompetansesenter

for frivillighet. Eigar/driftar står her friare til å samorganisere fleire sentralar formelt, utan å miste tilskot.

Tilskotet blir fordelt utifrå innbyggjartal i denne modellen, for Øygarden kommune har det ingen konsekvens.

I tillegg er de kommentert på fleire momenter slik saka beskriv.

#### **Behandling i Utval for tenester og levekår (UTL) 17.11.2021:**

---

Votering: Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

Desse tok ordet i saka: Kristin Børve Jacobsen (FrP).

#### **Vedtak i Utval for tenester og levekår (UTL) - 17.11.2021 - 120/21**

Utval for teneste og levekår sender innspel til høyring om forskrift for tilskot til frivilligsentralar slik dei ligg i saka.